

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 07.02.2008 **Tid:** 12.00-15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 5, inkl. 0 varamenn.

Andre som var tilstade på møtet: Ass.adm.sjef under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 8. februar 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkallinga og saklista var godkjent med følgjande endring: Sak 12/08 vert utsett og handsama i ekstraordinert PØ-møte måndag den 11.02.08. Sak 13/08: Tilleggsøyvingar 2008 – mellomfinansiering av brannbil vert handsama som ekstrasak.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Brigt Olav Gåsdaal tok opp følgjande vedk. ambulansetenesta. Myndighetene løyser opp på krava for responstid mhp. ulike behov i distrikta samstundes som dei stiller krav om at ambulansetenesta skal vera eit "minisjukehus". Kva vert gjort i Samnanger i høve til såkalla "first-responder ordning" ?

Ordføraren orienterte om at dette er sett på dagsorden i eininga for sosial og helse. "First-responder ordninga", legevaktsentral og legevaktordning er viktige stikkord i den store saka om legevakttenesta i Samnanger, som skal gjennomgåast i vår. Ansvar for kostnadane med "First-responder ordninga" må avklarast.

Øyvind Røen stilte spørsmål om status for å rekruttera ny lege i den ledige kommunelege 1 stillinga.

Administrasjonen orienterte om at i løpet av februar vil kommunen ha tilsett ny kommunelege I. To legar er kalla inn til intervju, den første i dag den andre i neste veke. Vikarlege står i stillinga pr. i dag, og ny turnuslege tar til i teneste 15.02.2008.

Administrasjonen orientert også om at Nils Andersen er oppmoda til å sende klage til kommunen på hendinga han omtaler i leseinnlegg i Samingen. Slik klage er motteke.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Skriv frå revisjonsfirmaet BDO Noraudit datert 23.11.08 med orientering om at dei er kommunen sin revisor og kva hovudoppgåver dei har i så måte. Dette vart delt ut til medlemmene.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0002/08	08/00041 "FORSLAG TIL FORBEDRING AV OVERFØRINGSSYSTEMET FOR KOMMUNENE" (SØRHEIMSUTVALET)
0003/08	05/00222 REHABILITERING SYMJEHALL SAMNANGER UNGDOMSSKULE.
0004/08	05/00222 FORVALTNINGSKONTROLL REHABILITERING SYMJEBASSENG
0005/08	08/00006 GJENNOMGANG AV KOMMUNEORGANISASJONEN AVKLARING AV OVERORDNA ORGANISERING
0006/08	07/00289 VAL AV MEDDOMARAR TIL NORDH. TINGRETT- RETTINGAR ETTER KUNNGJERING.
0007/08	07/00122 BANDTVANG FOR HUND. KOMMUNALE FORSKRIFTER
0008/08	07/00424 VETERINÆRTENESTA - VAKTORDNING.
0009/08	08/00045 INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUK/MILJØ - FUSA, OS OG SAMNANGER. (SJÅ SAK 03/141)
0010/08	07/00472 SØKNAD OM AUKA FRIKJØP FOR HOVUDTILLITSVALD I FAGFORBUNDET
0011/08	07/00479 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL MIKROKRAFTVERK I KLEIVANE - SVENN ARVE KLEIVANE.

0012/08 06/00107
**VA-PROSJEKT OG TETTSTADUTVIKLING PÅ YTRE TYSSE
- MILJØGATE, TUSENÅRSPARK OG KAI**

0013/08 08/00060
**TILLEGGS LØYVINGAR 2008 - MELLOMFINANSIERING AV
BRANNBIL**

0002/08

"FORSLAG TIL FORBEDRING AV OVERFØRINGSSYSTEMET FOR KOMMUNENE" (SØRHEIMSUTVALET)

Handsaming i møte:

Fellesframlegg: Høyringsuttale frå Samanger kommune -

” Dersom ein skal nytta inntektssystemet for å få til likt grunnlag for tenesteyting må endringane vera vesentleg meir radikale enn det som er foreslått.

Når det gjeld fordeling av **selskapsskatten**, er det moment som både talar for og mot å ha den som ein kommunal skatt. Det bør i alle fall leggjast opp til meir varige ordningar enn det som er tilfelle i dag.

For Samnanger og for andre mindre kommunar er det **distriktpolitiske tilskotet** (regionaltilskotet) viktig. Slik ordninga er i dag er dette ein kjend og forutseieleg storleik. Me meiner at mindre kommunar har smådriftsulemper på mange område, både i høve til det administrative apparatet og i høve til at det er krav til same spisskompetanse og tilbod om me har ein brukar eller 10 brukarar. Det er ikkje lagt inn som kriterium i utgiftsutjamninga. Eit eige tilskot som ivaretek dette må inn i inntektssystemet. Borge-utvalet såg på at utgiftsulempene for små kommunar har vore undervurdert, og utvalet tok til orde for ein vesentleg auke av basistilskotet. Dersom dette vert fylgt opp, vil det vege opp for det tapet små kommunar får ved innføring av distriktpolitisk tilskot. Under ein slik føresetnad kan det vera grunnar til å foreta den omlegging som Sørheimsutvalet har foreslått.

Storleiken på **skjønspotten** bør vurderast i lys av framlegget til utgiftsutjamning, og kor godt ein klarer å utforma dei kriteria som ligg til grunn for dette. Delar av det som vert vektlagt ved fordeling av skjønsmidlane i dag, kan med føremon innarbeidast i rammesystemet.

Framlegget om å endre teljedato til 1.juli kvart år kan ha negative verknader, men forutseielege rammer ved budsjetthandsaminga er viktig og vesentleg for kommunen sine handlingar.

Overgangsordninga (INGAR) sikrar at ingen kommunar får ei utvikling som er meir enn kr 300 pr innbyggjar dårlegare får eitt år til neste. Dette gjer at framlegget frå Sørheimsutvalet på kort sikt ikkje er negativ for Samnanger. Men det er ei dårleg løysing å basera inntektene på overgangsordning. Utan INGAR tapar Samnanger mykje, og det er hovudsakleg knytt til bortfall av regionaltilskotet.

Samnanger kommune meiner at:

Dersom Regjeringa legg fram endringar av inntektssystemet i det omfang Sørheimsutvalet og Borgeutvalet har gjort framlegg om innanfor inntekts- og utgiftsutjamninga, meiner Samnanger kommune at endringane må kombinerast med naudsynt vekst i frie inntekter. Dette for å dempa problema somme kommunar vil få med å tilpassa seg eit lågare inntektsnivå.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Høyingsuttale frå Samanger kommune -

Dersom ein skal nytta inntektssystemet for å få til likt grunnlag for tenesteyting må endringane vera vesentleg meir radikale enn det som er foreslått.

Når det gjeld fordeling av **selskapsskatten**, er det moment som både talar for og mot å ha den som ein kommunal skatt. Det bør i alle fall leggjast opp til meir varige ordningar enn det som er tilfelle i dag.

For Samnanger og for andre mindre kommunar er det **distriktpolitiske tilskotet** (regionaltilskotet) viktig. Slik ordninga er i dag er dette ein kjend og forutseieleg storleik. Me meiner at mindre kommunar har smådriftsulemper på mange område, både i høve til det administrative apparatet og i høve til at det er krav til same spisskompetanse og tilbod om me har ein brukar eller 10 brukarar. Det er ikkje lagt inn som kriterium i utgiftsutjamninga. Eit eige tilskot som ivaretek dette må inn i inntektssystemet. Borge-utvalet såg på at utgiftsulempene for små kommunar har vore undervurdert, og utvalet tok til orde for ein vesentleg auke av basistilskotet. Dersom dette vert fylgt opp, vil det vege opp for det tapet små kommunar får ved innføring av distriktpolitisk tilskot. Under ein slik føresetnad kan det vera grunnar til å foreta den omlegging som Sørheimsutvalet har foreslått.

Storleiken på **skjønspotten** bør vurderast i lys av framlegget til utgiftsutjamning, og kor godt ein klarer å utforma dei kriteria som ligg til grunn for dette. Delar av det som vert vektlagt ved fordeling av skjønsmidlane i dag, kan med føremon innarbeidast i rammesystemet.

Framlegget om å endre teljedato til 1.juli kvart år kan ha negative verknader, men forutseielege rammer ved budsjetthandsaminga er viktig og vesentleg for kommunen sine handlingar.

Overgangsordninga (INGAR) sikrar at ingen kommunar får ei utvikling som er meir enn kr 300 pr innbyggjar dårlegare får eitt år til neste. Dette gjer at framlegget frå Sørheimsutvalet på kort sikt ikkje er negativ for Samnanger. Men det er ei dårleg løysing å basera inntektene på overgangsordning. Utan INGAR tapar Samnanger mykje, og det er hovudsakleg knytt til bortfall av regionaltilskotet.

Samnanger kommune meiner at:

Dersom Regjeringa legg fram endringar av inntektssystemet i det omfang Sørheimsutvalet og Borgeutvalet har gjort framlegg om innanfor inntekts- og utgiftsutjamninga, meiner Samnanger kommune at endringane må kombinerast med naudsynt vekst i frie inntekter. Dette for å dempa problema somme kommunar vil få med å tilpassa seg eit lågare inntektsnivå.

0003/08

REHABILITERING SYMJEHALL SAMNANGER UNGDOMSSKULE – ENDRA FINANSIERING**Framlegg til vedtak::**

Til erstatning for mindre statstilskot enn føresett vert det nytta kr 100.000 av ubrukte lånemidlar, rehabilitering skulane, til fullfinansiering av symjehallen.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Til erstatning for mindre statstilskot enn føresett vert det nytta kr 100.000 av ubrukte lånemidlar, rehabilitering på skulane, til fullfinansiering av symjehallen.

0004/08

FORVALTNINGSKONTROLL REHABILITERING SYMJEBASSENG**Handsaming i møte:**

Fellesframlegg:

” Samnanger kommune tek ”Rapport 01/2007 – Samnanger kommune, rehabilitering av symjebasseng – vurdering av prosedyrar” til etterretning. Likeeins tek kommunestyret meldinga frå kontrollutvalet om rapporten om forhold som bør rettast opp til orientering. For å sikra gode rutinar ved gjennomføring av framtidige prosjekt, skal det lagast prosedyrar for rapportering om avvik som kan få følgjer for økonomien i anlegg. Desse prosedyrane skal m.a visa kva ansvar og oppgåver alle - frå kommunestyret –til kommunen sin prosjektansvarleg skal ha.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune tek ”Rapport 01/2007 – Samnanger kommune, rehabilitering av symjebasseng – vurdering av prosedyrar” til etterretning. Likeeins tek kommunestyret meldinga frå kontrollutvalet om rapporten om forhold som bør rettast opp til orientering. For å sikra gode rutinar ved gjennomføring av framtidige prosjekt, skal det lagast prosedyrar for rapportering om avvik som kan få følgjer for økonomien i anlegg. Desse prosedyrane skal m.a visa kva ansvar og oppgåver alle - frå kommunestyret – til kommunen sin prosjektansvarleg skal ha.

0005/08

**GJENNOMGANG AV KOMMUNEORGANISASJONEN
AVKLARING AV OVERORDNA ORGANISERING****Framlegg til vedtak::**

Sak om organisering av arbeidet med gjennomgang av kommuneorganisasjonen vert handsama av administrasjonsutvalet.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Sak om organisering av arbeidet med gjennomgang av kommuneorganisasjonen vert handsama av administrasjonsutvalet.

0006/08

VAL AV MEDDOMARAR TIL NORDH. TINGRETT- RETTINGAR ETTER KUNNGJERING.

Handsaming i møte:

Fellesframlegg: ” Supplering av meddomarar til Nordhordland tingrett;

Vidar Trengereid går inn for Kåre Skar.

Ingrid Skar går inn for Oddveig Haugen.

Valet skal vera gjennomført før 15 februar 2008 og vedtaket vert gjort med heimel i hasteparagrafen i KL § 13.”

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Supplering av meddomarar til Nordhordland tingrett;

Vidar Trengereid går inn for Kåre Skar.

Ingrid Skar går inn for Oddveig Haugen.

Valet skal vera gjennomført før 15 februar 2008 og vedtaket vert gjort med heimel i hasteparagrafen i KL § 13.

0007/08

BANDTVANG FOR HUND. KOMMUNALE FORSKRIFTER

Framlegg til vedtak::

Forskrift om bandtvang for hund i Samnanger kommune, Hordaland.

Forskrifta er gjeven med heimel i lov av 4.juli 2003 nr 74 om hundehald, §§ 6, 9,11 og 28.

§ 1. Bandtvang.

I Samnanger skal hundar haldast i band heile året på følgjande stader:

-I og i tilknytning til bustadområde og handleområde skal hund haldast i band heile året.

-Turveien til Flesjane og kommunale badeplassar.

Hundar skal haldast i band eller forsvarleg innestengt eller inngjerda i tida 1. april til 31. oktober der husdyr beiter eller har beiterett.

§ 2. Forbod mot hund.

Hundar skal ikkje ha tilgang til Barnehagar, skuleplassar, kyrkjegarden og idrettsanlegget i Hagabotnane.

Hundar som føl blinde og svaksynte er unnateke frå dette forbodet.

§ 3. Reinhald.

Hundehaldar har plikt til straks å fjerna avføring som hunden let etter seg på gater, fortau, park, bru, bryggje, kai, strand, anlegg eller annan offentleg stad som ålmenta nyttar.

Avføringa skal deponerast på ein eigna stad.

Unntak frå lova er nemnd i § 9 i Lov om hundehald, og gjeld så langt desse ikkje er i strid med forskriftene.

§ 4. Dispensasjon

Kommunen kan dispensera frå bestemmelsane i forskrifta

§ 5. Ikraftsetjing

Denne lova tek til å gjelda straks

§ 28. Straff.

Brot på forskriftene vert straffa etter § 28 i Lov om hundehald

Vedteke...

Handsaming i møte:

Fellesframlegg:” Liklydande tilråding med følgjande endringar i §1: ”i tilknytning til – går ut, Flesjande vert endra til - friområde i Kvernesmarka, og kommunale vert endra til offentlege.” Vidar Rolland sette fram følgjande tilleggsframlegg til § 1 nytt strekpunkt:” - Ved drikkevasskjelder.”

Det vart røysta alternativt over tilrådinga og fellesframlegget inkludert Rolland sitt framlegg. Fellesframlegget og Rolland sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Forskrift om bandtvang for hund i Samnanger kommune, Hordaland.

Forskrifta er gjeven med heimel i lov av 4.juli 2003 nr 74 om hundehald, §§ 6, 9,11 og 28.

§ 1. Bandtvang.

I Samnanger skal hundar haldast i band heile året på følgjande stader:
 - I bustadområde og i handleområde skal hund haldast i band heile året.
 - Turvegen i friområdet i Kvernesmarka og offentlege badeplassar.
 - Ved drikkevasskjelder.

Hundar skal haldast i band eller forsvarleg innestengt eller inngjerda i tida 1. april til 31. oktober der husdyr beiter eller har beiterett.

§ 2. Forbod mot hund.

Hundar skal ikkje ha tilgang til Barnehagar, skuleplassar, kyrkjegarden og idrettsanlegget i Hagabotnane.
 Hundar som føl blinde og svaksynte er unnateke frå dette forbodet.

§ 3. Reinhold.

Hundehaldar har plikt til straks å fjerna avføring som hunden let etter seg på gater, fortau, park, bru, ,bryggje, kai, strand, anlegg eller annan offentleg stad som ålmenta nyttar.

Avføringa skal deponerast på ein eigna stad.

Unntak frå lova er nemnd i § 9 i Lov om hundehald, og gjeld så langt desse ikkje er i strid med forskriftene.

§ 4. Dispensasjon

Kommunen kan dispensera frå bestemmelsane i forskrifta

§ 5. Ikraftsetjing

Denne lova tek til å gjelda straks

§ 28. Straff.

Brot på forskriftene vert straffa etter § 28 i Lov om hundehald

Vedteke av Samnanger kommunestyre, 00.00.08

0008/08

VETERINÆRTENESTA - VAKTORDNING.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune godkjenner rammeavtale mellom den norske veterinærforening og KS.

Samnanger kommune godkjenner avtale mellom Tysnes, Samnanger og Fusa (veterinærdistriktet) om praktisk gjennomføring av administrasjon av ordninga.

Administrasjonen i Fusa får delegert ansvar for å ordna avtale med Kvinnherad om samarbeid om veterinærer (betaling frå Kvinnherad for kjøp av tenester til Hatlestrand og Ølve).

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner rammeavtale mellom den norske veterinærforening og KS.

Samnanger kommune godkjenner avtale mellom Tysnes, Samnanger og Fusa (veterinærdistriktet) om praktisk gjennomføring av administrasjon av ordninga.

Administrasjonen i Fusa får delegert ansvar for å ordna avtale med Kvinnherad om samarbeid om veterinærer (betaling frå Kvinnherad for kjøp av tenester til Hatlestrand og Ølve).

0009/08

**INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUK/MILJØ -
FUSA, OS OG SAMNANGER. (SJÅ SAK 03/141)**

Framlegg til vedtak::

Felles landbrukskontor for Fusa, Os og Samnanger held fram som permanent ordning basert på tidlegare inngått samarbeidsavtale. Det vert føreteke desse justeringane i avtalen:

Punkt 8

Fordeling av kostnader vert som følgjer, gjeldande frå 2008:

Fusa: 43%

Os: 39%

Samnanger: 18%

Dersom ein kommune har aktivitetar som krev mykje oppfølging frå landbrukskontoret eit år, kan ein etterskotsvis justera prosentsatsane for det aktuelle året. Administrasjonssjef/rådmann i samarbeidskommunane får fullmakt til å foreta slik justering.

Punkt 10

Avtalen gjeld til han vert sagt opp. Frist for oppseiing av avtalen er eit år. Oppseiinga må vera skriftleg med verknad frå 01.01.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Felles landbrukskontor for Fusa, Os og Samnanger held fram som permanent ordning basert på tidlegare inngått samarbeidsavtale. Det vert føreteke desse justeringane i avtalen:

Punkt 8

Fordeling av kostnader vert som følgjer, gjeldande frå 2008:

Fusa: 43%

Os: 39%

Samnanger: 18%

Dersom ein kommune har aktivitetar som krev mykje oppfølging frå landbrukskontoret eit år, kan ein etterskotsvis justera prosentsatsane for det aktuelle året. Administrasjonssjef/rådmann i samarbeidskommunane får fullmakt til å foreta slik justering.

Punkt 10

Avtalen gjeld til han vert sagt opp. Frist for oppseiing av avtalen er eit år. Oppseiinga må vera skriftleg med verknad frå 01.01.

0010/08

SØKNAD OM AUKA FRIKJØP FOR HOVUDTILLITSVALD I FAGFORBUNDET

Framlegg til vedtak::

Fagforbundet Samnanger får auka frikjøpet sitt for tillitsvalde frå 20% til 30% med verknad frå 01.03.2008.

Auken i frikjøpet vil kosta kommunen om lag 30.000 kroner i 2008. Dette vert finansiert ved at 30.000 kroner vert overført til eining for pleie og omsorg frå kommunen sin konto for tilleggsøyving.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fagforbundet Samnanger får auka frikjøpet sitt for tillitsvalde frå 20% til 30% med verknad frå 01.03.2008.

Auken i frikjøpet vil kosta kommunen om lag 30.000 kroner i 2008. Dette vert finansiert ved at 30.000 kroner vert overført til eining for pleie og omsorg frå kommunen sin konto for tilleggsøyving.

0011/08

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL MIKROKRAFTVERK I KLEIVANE - SVENN ARVE KLEIVANE.

Framlegg til vedtak::

Søknad frå Mikroraftverk v. Svenn Arne Kleivane vert ikkje imøtekomen med tilskot. Grunngevinga for avslaget er at tiltaket ikkje skapar arbeidsplassar. Utbyggingskostnaden er også så høg at det kan reisast tvil om den samfunnsmessige nytten av tiltaket.

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” Søknad frå Mikroraftverk v. Svenn Arne Kleivane vert imøtekomen med kr. 15.000 i tilskot frå næringsfondet.

Grunngevinga for søknad frå næringsfondet er at utbygginga av småkraftverk har fått særleg omtale i den ferske kommuneplanen i satsingsdråpen næring/bygdeutvikling. Vidare tek S.K mål av seg til å etablere kompetansesenter for Småkraftverk.”

Det vart røysta alternativt over tilrådinga og framlegget frå Aase. Aase sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster og 1 røysta for tilrådinga.

Vedtak:

Søknad frå Mikroraftverk v. Svenn Arne Kleivane vert imøtekomen med kr. 15.000 i tilskot frå næringsfondet.

